


ÅL KOMMUNE

# Målbruksplan for Ål kommune




Postkort frå Ål mållag



## ÅL KOMMUNE

1	Bakgrunn og mandat.....	3
2	Målform .....	4
2.1	Tenestemål.....	4
2.2	Administrasjonsmål.....	4
2.3	Skulemål.....	4
3	Tiltak for Ål.....	5
3.1	Kommunal administrasjon .....	5
3.2	Barnehage og skule .....	6
3.3	Lokalt næringsliv og kulturliv .....	6



## 1 Bakgrunn og mandat

I Planstrategi for Ål kommune, K-sak 16/17, vedtok politikarane at målbruksplanen for Ål kommune skulle rullerast. Målbruksplanen var i frå 1998, og rådmannen vurderte det slik at det var på tide med ein ny og oppdatert plan, ikkje berre ei rullering av eksisterande plan. Difor bad me politikarane om å gje oss klare signal om ambisjonane og omfanget av ein ny plan.


**Kommunestyret handsama saka i desember 2018, K- sak 66/18.**

**Vedtak:**

1. *Ål kommunestyre vedtek å halde fram med nynorsk som tenestemål i Ål.*
2. *Ål kommunestyre vedtek å halde fram med nynorsk som administrasjonsmål i Ål.*
3. *Ål kommunestyre vedtek å halde fram med nynorsk som skulemål i Ål.*
4. *Ål kommunestyre vedtek å halde fram med bokmål som skulemål i vaksenopplæringa.*
5. *Ål kommunestyre oppmodar om å motivere til bruk av nynorsk i lokalt næringsliv.*
6. *Ål kommunestyre ber om at språkplan for Ål kommune vert rullert og oppdatert .*

Administrasjonen har arbeidd fram den nye språkplanen for Ål kommune. Dette er ein administrativ, tematisk plan som gjev retningsliner for tilsette i Ål kommune.

I kommunal forvaltning har det vorte eit auka fokus på klart språk og god språkføring. Målform er ikkje eit privat val; politikarane vedtek målforma i kommunen og alle tilsette rettar seg etter dette vedtaket.



## 2 Målform

Ål kommunestyre har gjort vedtak om nynorsk som tenestemål, administrasjonsmål og skolemål.

### 2.1 Tenestemål

Tenestemål er den målforma ein kommune vel å nytte i kommunikasjonen med statlege organ etter § 5 i mållova. Tenestemålet skal også nyttast i rundskriv, kunngjeringar og informasjonsmateriell som desse statsorgana lagar.

### 2.2 Administrasjonsmål

Administrasjonsmål er den målforma ein kommune vedtek å bruke i sin eigen administrasjon. I Ål kommune skal dette praktiserast slik:

1. Saksframlegg til og protokollar frå politiske organ skal vere på nynorsk, det same gjeld store årlege dokument som årsmeldinga og budsjettet.
2. Ekstern informasjon på nett, i publikasjonar, pressemeldingar, kunngjeringar og annonsar skal vere på nynorsk. Det same gjeld kontoar i sosiale media.
3. All programvare skal, så langt det er mogeleg, vere på nynorsk.
4. All skilting på kommunale bygg og liknande skal vere på nynorsk.
5. Brev, e-postar og skjema frå kommunen skal vere på nynorsk.
6. Tilsette kan sjølve velje målform i intern kommunikasjon.

### 2.3 Skolemål

§ 2-5 i opplæringslova seier: «Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid.»

Ål kommune har vedtak om nynorsk som hovudmålform i grunnskulen. Målforma i barnehagen er ikkje lovregulert. Fordi mykje av grunnlaget for språket til borna vert lagt i barnehagane, er det likevel viktig å nyttre nynorsk i høgtlesing og song, slik at borna får kjennskap til målet før dei byrjar på skulen.

Ål kommunestyre har vedteke at opplæringsmålet for vaksne innvandrarar er bokmål.



ÅL KOMMUNE

**Eg er veldig glad  
i språket mitt.  
Eg opplever det  
nedverdigande å  
skulle måtte argu-  
mentere for det.**


Jon Fosse i Norsk læraren 1992

### 3 Tiltak for Ål

Nynorsk er eit mindre brukt språk i Noreg. Brukarane av språket er i mindretal nasjonalt og er difor meir utsette for ikkje å få oppfylt dei språklege rettane sine. Kommunen vil ta ansvar for at nynorsken har ein tydeleg plass i Ål. Det skal ikkje vera vanskeleg å vera nynorskbrukar i kommunen. I kommunal administrasjon skal alle dei tilsette kjenne seg trygge på å skrive nynorsk.

#### 3.1 Kommunal administrasjon

Tiltak	Ansvarleg
Årlege språkkurs i «Klart språk» og nynorsk	Kultursjef
Oppdatert oversikt over digitale språklege hjelpemiddel	Ål bibliotek
Det blir stilt tydelege forventningar til nynorskkompetanse i utlysingstekstar og ved tilsetjing	Avdelingsleiarar
Ål kommune støttar tiltak som styrkar bruken av hallingdialekt blant born og unge	Ordførar og kultursjef



### 3.2 Barnehage og skule

Tiltak	Ansvarleg
All skriftleg undervisning skal vere på nynorsk	Kvar einskild lærar
Kommunen skal sikre at born og unge har eit godt utval av nynorsk litteratur	Ål bibliotek, barnehagane og skulane
Dialektfremjande tiltak	Oppvekstsjef
Ål vaksenopplæring skal gje ei innføring i nynorsk og dialekt som ein del av undervisinga	Lærarane på vaksenopplæringa

### 3.3 Lokalt næringsliv og kulturliv

Ål kommune oppmodar lokalt næringsliv og kulturliv om å nytte nynorsk og hallingmål. Å skilje seg ut språkleg gjev ein styrka identitet og kan vere eit konkurransefortrinn.

Ål mållag gjennomfører konkrete tiltak for å fremje god nynorsk språkbruk i det lokale næringslivet. Døme på slike tiltak kan vere gratis språkhjelp, språkbrukskurs for næringsdrivande og prisar for god språkbruk. Ål kommune må koste eventuelle nye tiltak.

Tiltak	Ansvarleg
Nynorsk merkevarebygging	Ål mållag i samarbeid med Ål utvikling
Tiltak som set sørkjelyset på god språkbruk med lokal snert	Ål mållag
Ei vidareføring av «Hått Halling», eit prosjekt for å styrke dialekt- og nynorskbruka blant born og unge i Hallingdal	Regionrådet for Hallingdal



ÅL KOMMUNE

**Skjermdump frå Facebook. Lokale annonsar med humor, eigenart og snert:**

Hendug  
22. desember ·

Nissen i lattehallen er i mål med siste julegåva!  
Han begynte på ei stor hytte, men etter litt høvling og spikking, så såg han at det ville bli eit fint lite annekts. Måtte berre hogge litt med lattebila på eine nova, og vippes så vart det i staden eit aldeles flott uthus som ein kan ha svigers i!  
"Det vil kunden sikkert ha, da blir han sikkert gla'. Og at det er en nyttig ting kan ingen komme fra."

Sundreball  
19. januar kl. 08:08 ·

Ryktena går; Elvis er sett på Ålingen, Keith Richards kjøpte Rizzla på Spar, Stein Torleif har stått å vakla midt i vegen mellom HÅP og Beijing, og me har observert bygdafolk med SundreBall-avisa opp mot sole for å sjå kva som har stått bak sladden...  
Kven trur DU er den hemmelege headlineren på SundreBall fredag 25. januar 2019, og kvífor trur du det?

**HALLINGSTEIN**

**Eit ord – ein stein  
i ei kald elv. Ein stein til –  
Eg må ha fleire steinar  
skal eg koma over**

Om du er i same situasjonen  
som Olav H. Hauge, ring oss!